



HØGSKULEN FOR
LANDBRUK OG
BYGDEUTVIKLING

Er Jæren bygd eller by eller både
delar?

ENGASJERT: Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB) og styreleiar i Rogaland Landbruks- og Bygdeutviklingspark, var tydeleg engasjert då han la fram resultatane av ei landsomfattande gransking gjort av HLB på fr

Folket vil verne landbruket

I ei fersk spørjeundersøking om Jæren svarer 70 prosent at jordbruk og produksjon av mat er viktigare enn husbygging.

JOFRID ÅSLAND | tekst og foto
jofrid@jbl.no

FORSKINGSPROSJEKT: Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB) og styreleiar i Rogaland Landbruks- og Bygdeutviklingspark, la fredag fram resultatane av ei landsomfattande gransking gjort av høgskulen.

– Dette er oppsiktsvekkende tal. Eg er overraska over kor positive befolkninga er til landbruket, og kor negative dei er til å byggje på landbruksjord, sa Dag Jørund Lønning.

Resultat frå spørjeundersøkinga syner mellom anna at 71,6 prosent meiner at jordbruk og produksjon av mat på Jæren er viktigare enn friluftsliv, bustadbygging, natur- og kulturvern.

– Eg er overraska over at berre 3,8 prosent tykkjer bustadbygging er viktigast, sa rek-

toren.

På spørsmålet om Jæren er ei bygd eller ein by, svarte 67,5 prosent at Jæren er ei bygd.

Jærbonden

Undersøkinga er del av eit forskingsprosjekt som ber namnet «Kva er Jæren? Jærbonden som produsent av fellesgode.»

– Me håper at tala me presenterer her i dag kan vere utgangspunkt for debatt i tida framover, sa Dag Jørund Lønning.

Han var tydeleg engasjert då han drog konklusjonen: Jæren er landbruk og bygdeliv.

Rektoren ved HLB meiner at i dei vanskelege prioriteringane mellom bustadbygging, produksjonslandskap og opplevingslandskap kan det vere nyttig å få inn eit eksternt blikk.

– Det handlar om å spegle seg i andres auge, og sjå kva dei meiner er våre viktigaste res-

sursar. Desse tala syner at det er landbruket. Eg seier - kjør debatt.

Presentasjonen vart halden i Veksthusloftet hjå Rogaland Landbruks- og Bygdeutviklingspark på Særheim i Klepp.

Mat og politikk

Mange hadde funne fram til loftet for å høyre presentasjonen på fredag. Blant dei var kjende fjes som ordførarane i Klepp og Hå, stortingspolitikar for Senterpartiet, Geir Pollestad, og landbruksdirektør hjå Fylkesmannen i Rogaland, Hadle Nevøy.

Diskusjonen vart frisk etter presentasjonen av granskinga. – Eg tykkjer dette er positivt for Jæren som matkammer, sa Pollestad til forsamlinga.

Han peika og på utfordringar for kommunane i samband med jordbruk og bustadbygging.

– Eg tykkjer dette er spennande og oppløftande for oss som vil ivareta Jæren som spisskammer. Dersom me klarer å halde fast på at Jæren er eit matkammer skal me løyse dei andre utfordringane, sa Hadle Nevøy.

Dei to ordførarane måtte svare for seg når det gjaldt utbygging på landbruksjord.

– Eg tykkjer ikkje det er oppsiktsvekkende at Jæren vert sett på som ein nasjonalromantisk skatt. Her er det berre å køyre på med ost og likande frå Jæren. Samstundes må me byggje ein stad. Eg vil minne om oljeverksemda og behova for bustader, sa Ane Mari Braut Nese, ordførar i Klepp kommune.

Ordføraren i Hå, Mons Skrettingland, trakk fram at det er viktig å nytte sentrum av tettstadane på Jæren best mogleg for å verne om landbruksjorda.

Vinkling av spørsmål

Dag Jørund Lønning fortel at spørsmåla i spørjeundersøkinga ikkje har vore vinkla, og at dei spurde ikkje har fått svaralternativ på spørsmålet om kva dei forbind med Jæren.

30,2 prosent svarte at dei forbant landbruk med Jæren, medan 2,6 prosent tenkte på olje.

– Eg trur nok at viss ein hadde spurt folk kva dei forbant med Rogaland, ville svaret vore annleis, seier Mons Skrettingland, ordførar i Hå.

Han understrekar at måten spørsmåla vert stilt på avgjer kva svar du får.

Undersøkinga viste og at 55,4 prosent av befolkninga har vore på Jæren. Av dei som har vitja Jæren assosierer 39 prosent staden med landbruk, mens det blant dei som ikkje har vore på Jæren er 17 prosent som tenker på landbruk i samband med Jæren.

– Desse tala viser at svara ikkje baserer seg på lite kunnskap, seier Dag Jørund Lønning.

Dialog

No skal Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB) sjå nærare på Jæren. Ynskje er debatt kring jærlandbruket. Granskinga kan lastast ned gratis frå nett.

– Me vil medverka til utvikling av dialogbaserte landskapsutviklingsmodellar for Jæren, opplyser Dag Jørund Lønning.

Med det meiner han ei utvikling av landskapet gjort i samarbeid med lokalbefolkninga.

– Ei kvar god utvikling kjem nedanfrå og opp, ikkje motsett, fortel rektoren.

Neste del av forskingsprosjektet vert å granske innanfrå. Det skal gjerast i samarbeid med lokalbefolkninga. – Me fått utanforblikk skal me få blikket frå in-

VISSTE DU AT

FOLKET OM JÆREN

- Forskingsprosjektet er Jæren? Jærbonden som produsent av fellesgode» har hatt spørjeundersøking på Jæren.
- Dei har mellom anna fått desse svara:
- - 78 prosent av folk har vitja regionen jordbruk/produksjon av mat som fyrste prioritet.
- - 3,3 prosent av dei spurde tenker på Jæren som ein by.
- - 22,9 prosent ser Jæren som både bygd og by.
- - 21 prosent av folk har vore på Jæren og assosierer staden med landbruk og bygdeutvikling.